



Landslaget for Spelemenn

Årsmelding

Gjeldande frå oktober 2008– oktober 2009

Innleiing

Denne årsmeldinga er skriven med direkte utgangspunkt i det vedtekne arbeidsprogrammet. Arbeidsprogrammet er sett inn i årsmeldinga, og til kvart delområde i er det gjort greie for korleis arbeidsprogrammet er gjennomført.

Innleiingsvis har årsmeldinga ein organisatorisk og administrativ del som ikkje er knytt til eitt spesielt delområde i arbeidsprogrammet.

Arbeidsåret har vore sterkt prega av prosessen med å etablere ein ny organisasjon. Svært mykje arbeid har gått med til dette, noko som har ført med seg at andre oppgåver har vorte nedprioritert eller utsett.

Årsmøtet 2008

Årsmøtet vart halde i Førde, 1.- 2. november. Det var Sogn og Fjordane Folkemusikklag som inviterte årsmøtet til sitt fylke. Laurdagskvelden heldt Indre Sunnfjord spelemannslag ein flott konsert for årsmøtet. Konserten var elles eit ope arrangement for eit allment publikum.

Det var til saman 47 deltakarar med stemmerett på møtet, 42 delegatar + 5 frå styret. Brit Sørland og Johan Vaa vart valde til møteleiarar.

Årsmøtet starta med eit miniseminar om *Ny folkemusikkorganisasjon* med informasjon om prosessen så langt, og med gruppearbeid om lagsstrukturen i den nye organisasjonen, formål og innhald.

Styret

Styret har i meldingsåret hatt denne samansetjinga:

Nils Øyvind Bergset	- styreleiar
Solbjørg Tveiten	- nestleiar
Mari Eggen	- styremedlem
Jon Ellingsen	- styremedlem
Knut Erik Godtland	- styremedlem

Torunn Raffevold Rue	1. vara
Marte Frihetsli	2. vara
Dag Hovda Sture	3. vara

1. varamedlem har vore innkalla til alle styremøta. Alle varamedlemmene har vore innkalla til nokre møte.

Møte og saker:

I 2008 vart det i tidsrommet mellom årsmøtet og nyttår halde to styremøte m/14 saker.

I 2009 er det pr. 01.10 halde 5 styremøte, og det er behandla 60 saker.

I den grad det har vore praktisk mogleg, har styremedlemmer deltatt på årsmøta til fylkes- og regionslaga.

Medlemskap / medlemslag

Medlemstal

LfS har 4 584 medlemmer pr. 1.1.2009. Av desse er 620 barn / ungdom (tom 18 år). Dette var det første året LfS hadde 18 år som aldersgrense. Før dette definerte aldersgrensa 4 år skiljet mellom barn og vaksne.

Det samla medlemstalet utgjør 631 færre medlemmer enn året før.

Denne nedgangen har direkte samanheng med at vi ikkje fekk sendt ut medlemsgiroar før månadsskiftet august – september. Forsinkinga skyldtes store problem med det nye data medlemssystem vi har arbeidd for å få på plass. Med så sein utsending av giroar, var det dessverre mange som lét vere å betale. Alle "dei mista" medlemmane fekk tilsendt giro også i 2009, og vi reknar med å kome opp igjen på normalt medlemstalsnivå som dei siste åra som har ligge på rundt 5 200 medlemmer.

Medlemslag

Pr. 01.10.09 hadde LfS 148 lokale medlemslag og 10 fylkes- /regionslag. Ingen lag er utmeldte.

To lag er slått saman til eitt lag. Det gjeld Otta spelmannslag og Sel spel- og dansarlag som er slått saman til Otta og Sel spel- og dansarlag.

Det har kome til to nye medlemslag;
Sofienberg spellemannslag
Team Gløs Tøs

Æresmedlemmer

Det er utnemnd 3 nye æresmedlemmer i meldingsåret. Dei nye æresmedlemmene er Jarnfrid Kjæk, Jan H Lislien og Johan Vaa, og dei vart utnemnde under NM i folkemusikk på Geilo.

Sekretariatet

Tilsette i meldingsåret:

- Magnar Sundt dagleg leiar (100 %)
- Jorun Hagen kontormedarbeidar. (100 %)
- Asgaut Høgmo Bakken prosjektleiar for Folkemusikkscena (80 %)
- Knut Aastad Bråten redaktør av Spelemannsbladet (80 %)
- Frode Rolandsgard informasjonsmedarbeidar (25 %)
- Elisabeth Vatn prosjektleiar for Folkelarm (60 %)

Til saman 4,45 stillingar.

Administrasjonen hadde adresse Kirkegt. 20 fram til 22. august. Da flytta administrasjonen inn i midlertidige lokale i Schouskvartalet i Trondheimsv. 2 i påvente av at nye kontorlokale skal bli ferdige. Dei nye kontorlokala ligg i det same kvartalet.

Økonomi og rekneskap

Overskott

Driftsresultatet for 2008 fekk eit underskot på kr. 1 582. Eigenkapitalen er pr 01.01.09 er på kr 651 002.

Rekneskapsføring / revisjon

Rekneskapsfirmaet *Geir Hoff* har ført rekneskapen for LfS. Rekneskapen er revidert av revisjonsfirmaet Revico Lillehammer A/S.

Statlege løyvingar

LfS fekk kr. 2 290 000 i driftstilskott for 2009. Dette utgjorde ein auke på kr. 260 000 i forhold til året før (12,8 %). Dermed blei det for første gong på svært mange år tildelt ein reell auke utover løns- og prisstigning.

LfS får driftstilskottet over posten "tilskott til song- og musikkorganisasjonar", kap 0320 Allmenne Kulturformål, Post 74 i statsbudsjettet, og det var denne samleposten som vart vesentleg auka.

Fordelinga av posten blei flytta tilbake til Norsk Musikkråd (NMR) etter ein periode der Norsk kulturråd har fordelt tilskotta til organisasjonane.

NMR har sett ned eit eige fordelingsutval, og dagleg leiar i LfS satt i utvalet.

Med ein såpass stor auke i driftstilskottet, vart det også rom for å styrke tilskottet til Landskappleiken. Styret i LfS valde å auke tilskottet til Landskappleiken (NM i folkemusikk) frå kr 100 000 til kr 160 000.

Tilskott

På budsjettet vart det avsett ein eigen tilskottspost. Styret har lagt desse retningslinene til grunn for å gi tilskott; *Det er medlemslaga i LfS som kan søkje på desse midlane, og dei skal gå til tiltak set i gong for å styrke rekrutteringa i spel og dans.*

Prioriterte område:

Regionale- og lokale barne- og ungdomstiltak.

Barne- og ungdomstiltak som fell utanom Frifond-ordninga

Nye tiltak meir enn etablerte tiltak

Vidare skal potten kunne brukast av styret i LfS til spesielle interessante søknader og aktuelle enkelttiltak. Desse må ha idealistisk karakter, og ein skal vere restriktiv i vurderinga.

Fram til 1. oktober har desse tilbake fått tilskott; Strunkeveko, Midtvinterdansen, Munnharpefestivalen, Kvedarseminaret, UngFolk, juniorsamling for barn og unge i Hordaland.

Nordisk samarbeid

LfS er medlem av Nordisk Folkemusikkkomité. Sekretariatet for organisasjonen går på omgang mellom landa. I 2009 vart sekretariatet flytta frå Sverige v/ Riksföreningen for Folkmusik och Dans til Danmark v/Folkemusikens Fællessekretariat. Dei tok over sekretariatet etter siste årsmøte i mars 2009.

Styret for 2009: Peter Sejersen, leiar (DK), Lars Farago (S), Tove Djupsjøckbacka (FIN), Magnar Sundt (N), Christian Blak (FR), Runa Ingimundradottir (IS)

Norsk folkemusikkfond

Dette er eit frittstående fond på sida av LfS, og der LfS er berre ein av eigarane. For informasjonen sin del, og fordi LfS er den klart største bidragsytaren, blir fondet omtalt i årsmeldinga.

Norsk Folkemusikkfond har i 2009 slikt styre;

Arild Hoksnes (leiar)	LfS
Trond-Ole Haug	LfS
Siri Dyvik	LfS
Kjetil Bjørgan	NRK

Tildelingar frå fondet i 2009:

Synnøve S. Bjørset	Synnøves julekonsertar	kr 10 000
Etnisk musikkklubb	CD m/Andreas Bjørkås	Kr 10 000
Geitungen	CD-utgjeving	kr 10 000
Feleboga	CD-utgjeving	kr 10 000
Torgeir Straand	Konsertserie	kr 8 000
Anette Thorsheim	Konsertserie	kr 10 000
Solbjørg Tveiten m/fl	Konsertproduksjon	kr 8 000
Sum tildeling		kr 66 000

Samarbeid med andre organisasjonar

Landslaget for Spelemenn har i løpet av årsmeldingsperioden samarbeidd godt med andre nærskylde organisasjonar, spesielt med Norsk Folkemusikk og –Danselag gjennom den gjennomgripande prosessen fram mot ein ny, felles organisasjon. (sjå eigen sak under delprogram 3)

Vidare har organisasjonane formelle samarbeid om prosjekta *Norsk Folkemusikkatalog* og *Den norske Folkemusikkscena*.

LfS, Noregs Ungdomslag og NFD har eit eige samarbeidsorgan *Forum for folkemusikk og folkedans*

LfS har eit godt samarbeid med Rådet for folkemusikk og folkedans.

LfS er med i Samstemt-samarbeidet i lag med Norsk folkemusikk og danselag, Norsk rockforbund, Norsk jazzforbund, FONØ. GramArt og Ny Musikk. (Sjå elles enkelte punkt under dei ymse delprogramma.)

Det har også vore gode samarbeid med andre organisasjonar og institusjonar i realiseringa av enkelte prosjekt, t.d. Folkelarm.

Representasjon

LfS hadde i 2009 denne representasjonen

(utover det som elles er nemnd i enkelte kapittel):

- Norsk Folkemusikkfond: Arild Hoksnes, Siri Dyvik, Trond-Ole Haug
- Norsk Folkemusikkatalog Solbjørg Tveiten og Erlend Viken
- Arne Bjørndals Fond: Erik Mjelde m/ Finn Vabø (vara)
- Torkjell Haugeruds Minnefond: Aud Manheim
- Ole Bull Akademiet: Terje Støve
- Anders Kjerlands Minnefond: Arne Øygarden m/ Knut Myrann (vara)
- CIOFF Noreg: Magnar Sundt (fram til årsmøtet våren 09 da CIOFF Norge vart lagt ned)

Ymse medlemskap / eigarskap

LfS er medlem i:

- Norsk Musikkråd
- Telemarkfestivalen
- Førde Internasjonale Folkemusikkfestival.
- Den norske Folkemusikkveka.
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Haukeliseterfestivalen
- Råd for Folklorefestivalar og Tradisjonell Folkekunst
- Etnisk Musikkklubb
- Norsk Folkemusikklag
- Landskappleiken og Landsfestivalen er medlemmer i «Norske Festivalar»
- Norsk Lur- og bukkehornlag
- Frivillighet Noreg
- Musikkutstysordningen
- Stiftinga Riksscena for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans

Delprogram 1

folkemusikkinfo.no

Innhald / tiltak	Oppgåver	Framdrift	Status
Samla vurdering av informasjons- og formidlingsfeltet	<ul style="list-style-type: none"> Vurdere heile informasjonsfeltet under eitt - som ein del av prosessen med å etablere ein ny folkemusikkorganisasjon. – og i lag med NFD. Samarbeide om enkelttiltak i overgangsfasen fram mot etableringa av ein ny organisasjon (sjå delprogram 3); nettsider, Folkemusikkscena, Folkelarm, Folkemusikkformidlinga, Spelemannsbladet, Årbok, Årinn, INTROfolk skilje mellom kva som er informasjon og kva som er formidling 	Hausten 2008 →	Gjennomført
Utvikle ny nettportal for folkemusikk	<ul style="list-style-type: none"> Lage nye nettsider som erstattar og forbetrar dei nettsidene vi har. Sida skal ha ein så høg standard at ho står fram som den viktigaste nettportalen for å hente informasjon om folkemusikk og –dans. 	Hausten 2008 →	Gjennomført
Spelemannsbladet.	<p>Vidareføre tiltaka som er gjennomført frå hausten 2006, mellom anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> Halde fram med å kvalitetssikre og strukturere innhaldet i bladet. Kontinuerleg budsjettoppfølging. Arbeide for ekstern økonomisk stønad til bladet. Vidare tiltak; sjå over. 	Haust 2008 → Kontinuerleg.	Gjennomført
Gi ut medlemsinfo	<ul style="list-style-type: none"> Sjå over. Elles skal format, omfang og type skriv vurderast ut frå kostnader og oppsett budsjett. 	Januar 2009 Juni 2009	Delvis gjennomført
Fortløypande formidling	<ul style="list-style-type: none"> All informasjon ut på nett. Oppdatert kalender. Internt i organisasjonen gjennom tradisjonelle og nye kanalar Sortere og målrette info i forhold til interne målgrupper Auke bruken av e-post og sms i den interne informasjonen, både for å kommunisere meir effektivt og for å spare dyre portokostnader. 	Kontinuerleg prosess gjennom heile året	Gjennomført
Dokumentasjonsbank	<ul style="list-style-type: none"> Vidareføre det arbeidet som er gjort på området. Fortløypande innhenting av informasjon <ul style="list-style-type: none"> Internt / eksternt Andre sin gevinst av våre arr. m.m. Evaluere og evt. vidareutvikle verktøy utarbeide statistikk som viser folkemusikken sin samfunnsverdi m.m 	Vinteren 2009 Kontinuerleg	Gjennomført
H.M.Dronning Sonja som LfS sin beskyttar i perioden 2006-2010	<ul style="list-style-type: none"> I nær dialog med Slottet utarbeide ein plan for kva Dronninga kan bidra med i løpet av denne perioden 	Oppstart hausten 2006	Planen er lagt. I år skulle Dronninga ha gjesta NM

Gjennomføring delprogram 1 folkemusikkinfo.no

Samla vurdering av informasjons- og formidlingsfeltet

Dette punktet har gått inn som ein heilt sentral del av samarbeidsprosjektet med NFD.

Gjennom eit godt samarbeid har LfS og NFD i praksis hatt ei felles informasjonsavdeling i 2009. Det gode samarbeidet har koordinert informasjonen ut, samordna formidlingsfeltet og slik sett fått ei meir effektiv og målretta kommunikasjonsflyt. Mye av den informasjonsmengda som har gått ut, har vore relatert til organisasjonsprosessen, men ein har også koordinert informasjonen for dei ulike prosjekta og gjennom egne, interne nyheitsbrev.

Frå september av har det vorte laga egne interne, felles publiseringsplanar pr veke for nettportalen med ansvarsfordeling.

Folkemusikk.no

Den nye nettportalen folkemusikk.no vart opna i juni. Dette er ein fellesportal for LfS og NFD med deira prosjekt, og med informasjon om og direkte link til andre nærskylde aktørar sine egne nettsider.



Portalen har fleire viktige funksjonar som grunnlag; a) ei forenkling for brukarane ved at informasjonen er samla på ein stad, b) gi god og oppdatert informasjon, 3) vere ein nyheitsformidlar, 4) gjensidig kommunikasjon med brukargruppene gjennom debattforum. Ei vidareutvikling av sida skal skje gjennom ein kontinuerleg prosess.

Nettportalen har fått ein heilt ny design og oppbygging i forhold til den gamle folkemusikk.no.

Spelemannsbladet

Spelemannsbladet er eit frittstående blad og arbeider etter Ver Varsamplakaten og Redaktørplakaten. Frå og med hausten 2007 vart bladet medlem i Norsk Tidsskriftforening, ei samling av 70 ulike norske tidsskrift og blad.

Økonomi

Spelemannsbladet blir gjeve ut med ein betydeleg eigenandel av LfS som eigar. Elles har bladet eigenfinansiering gjennom abonnement og annonsar. Bladet vart i 2009 støtta av Norsk kulturråd med kr 100 000 kroner, og bladet mottok stønad frå Norsk Faglitterær forfatter- og oversetterforening på 15 000 kroner til bokmeldingar i bladet.

Utgjeving

Knut Aastad Bråten er tilsett som ansvarleg redaktør for bladet. Redaktørstillinga er per i dag 80 %. Redaktøren leiger kontor plass på Valdres Folkemuseum på Fagernes.

Spelemannsbladet har til saman åtte utgjevingar med eit gjennomsnittleg sidetal på 32.

Eva Karlsson utfører dei grafiske tenestene for Spelemannsbladet, i tillegg til andre prosjekt i Landslaget for Spelemenn. Denne avtalen gjev betydelege reduksjonar i dei grafiske kostnadene for både bladet og Landslaget for Spelemenn.

Bladet er trykt av Prinfo Unique i Porsgrunn. Olav Bjærum og Aud Søyland er språkvaskarar.

Abonnentar

Per 1. januar 2009 hadde Spelemannsbladet 1 836 abonnentar. Av desse var 232 gratisabonnentar. Bladet hadde dermed 140 færre abonnentar enn for eitt år sidan.

Under NM på Geilo og Ål vart det gjennomført endå ein vervekampanje. Nye abonnentar har fått bladet til kampanjepris. Grunna mykje arbeidspress har redaktøren ikkje arbeidd like aktivt med verving av nye abonnentar dette året som tidlegare år.

Det blir sagt at bladet har altfor få abonnentar blant medlemmene i Landslaget for Spelemenn (ikring 800), og at det her er eit stort potensial for fleire abonnentar.

Blest

Redaktøren har arbeidd for å auke interessa og kunnskapen om både Spelemannsbladet og norsk folkemusikk og folkedans i andre medium, og har jamleg oppslag både i Nationen, Vårt Land, Klassekampen og NRK P2.

Auka medieomtale i andre blad vil på lang sikt vera med på å auke den generelle interessa for Spelemannsbladet og norsk folkemusikk og folkedans.

Annonser

Ola T. Stave har vore engasjert som annonsekonsulent. Det er inngått ein avtale der Stave får 30 % provisjon av dei annonsane han sel. Ordninga er, også i år, under evaluering i samband med arbeidet for samanslåing av folkemusikkorganisasjonane.

Internett

Spelemannsbladet ligg ute på Internett (sjå elles eige kapittel om Internett). Her ligg det generell informasjon om bladet.

I samband med ny, felles nettportal for Landslaget for Spelemenn og Norsk Folkemusikk- og Danselag er det også oppretta nye sider for Spelemannsbladet.

Redaksjonsråd

Det er oppnemnt eit eige redaksjonsråd for Spelemannsbladet. Dei som sit i rådet, er Arne Sigurd Haugen, Sigrid Moldestad, Sigurd Heide og

Johanne Landsverk i tillegg til redaktøren. Redaksjonsrådet sit i eitt år, frå 01. 01. 2009 til 31. 12. 2009

Redaksjonsrådet er ikkje eit skrivande råd. Primæroppgåva til rådet er å vera eit rådgjevande organ for redaktøren. Rådet har ikkje hatt møte i 2009, men har kome med innspel og tilbakemeldingar for kvar utgåve per e-post. Dette fungerer godt.

Utviklinga av bladet

Utfordringane for Spelemannsbladet er mange, og dei er viktige. Spelemannsbladet er i dag det einaste landsdekkande bladet for norsk folkemusikk og folkedans. Nettopp difor har Spelemannsbladet eit særleg ansvar. Spelemannsbladet er eit viktig korrektiv og supplement til kulturdekninga i norske medium.

Den økonomiske stoda er framleis trong og hindrar ei meir offensiv satsing på bladet. Skal det også i framtida vera rom for eit slagkraftig folkemusikkblad, er ein avhengig av meir stønad frå utgjevar og andre, eksterne støtteordningar for å løne grafikarar, frilansarar, kronikkskrivarar, fotografar, plate- og bokmeldarar.

I samband med arbeidet for ein, ny folkemusikkorganisasjon, er det utarbeidd ein rapport; *Framtidas folkemusikkblad – statusrapport og tilråding*. Rapporten vart levert 12. juni og handsama av Landslaget for Spelemenn og Norsk Folkemusikk- og Danselag på felles styremøte 16. juni i år.

Dei som har utarbeidd rapporten er redaktør i Syn og Segn, Bente Riise, journalist i Forskerforum, Johanne Landsverk, redaktør for nettstaden groove.no, Bjørn Hammershaug, styremedlem i NFD, Hege Nylund, i tillegg til redaktøren i Spelemannsbladet.

I rapporten blir det lansert to modellar for framtidas folkemusikkblad. Styra i dei to organisasjonane har gjeve signal om å arbeide vidare med ein modell som har desse hovudtrekka:

- Redusere talet på utgjevingar frå 8 til 5. Auke sidetalet frå 32 til ikring 60 sider per utgåve.
- Ny grafisk profil.
- Auke annonseinntektene frå 155 000 kroner til 250 000 kroner.

- Nøktern auke i abonnementsinntektene gjennom fleire abonnentar (100 stk. i 2010), frå 530 000 kroner til 560 000 kroner.
- Auke inntektene frå eigaren/utgjevar frå 200 000 kroner til 375 000 kroner.
- Auke prosjektstøtta og finne sponsorsamarbeid, verdi 70 000 kroner.
- Meir ressursar til profesjonelle fotografar og skribentar og anna innkjøpt materiale.
- 100 % stilling for redaktøren.
- Meir ressursar til marknadsføring.

Redaksjonell profil

Størst interesse er knytt til den redaksjonelle profilen og framlegga til endringar her. Den redaksjonelle profilen er med å peike ut retninga og innhaldet i framtidens folkemusikkblad. Her følgjer nokre stikkord for korleis ein arbeider for at den redaksjonelle profilen skal vere:

- Mangfald: Framtidens folkemusikkblad skal spegle mangfaldet i folkemusikken i Noreg.
- Kommentrar og kronikkar: Bladet skal utvikle kommentar- og kronikksidene ved å knyte til seg fleire, faste kommentarskribentar og nye stemmer, både frå folkemusikkmiljøet, men òg personar utanfrå..
- Faste spalter og seriar: Blad skal vidareutvikle og byggje opp faste spalter, seriar, fag- og temaseksjonar.
- Temanummer: Kwart nummer bør ha ein klar, tematisk profil og særskild vinkling på eitt tema eller felt.
- Fagleg profil: Bladet skal spegle den faglege utviklinga innanfor forskinga i folkedansen og folkemusikken, ikkje berre i Noreg, men òg internasjonalt.
- Artiklar som går i djupna: Bladet skal utvikle og ikkje minst utvide sakene i bladet, både portretta, reportasjane og artiklane.
- Formatering og seksjonar: Artiklane, reportasjane, kommentarane, plate- og bokmeldingane skal følgje ei fast og føreseieleg form og ha ei eksakt lengd.

- Arkivmateriale: Framtidens blad skal presentere skattar frå arkivet, som songar, eldre tekstar, notar og nyfunne kjeldemateriale – gjerne i samarbeid med folkemusikkarkiva.
- Nyhende: Framtidens blad skal arbeide fram gode, djupe og ikkje minst kritiske folkemusikkpolitiske og musikkfaglege saker.
- Byteartiklar: Framtidens folkemusikkblad skal byte artiklar med andre folkemusikkblad og musikkfaglege blad og tidsskrift i andre land, gjerne frå dei andre nordiske landa.

Medlemsavis

Gjennom arbeidsprogrammet er det vedteke å gi ut 2 medlemsaviser årleg.

I skrivande stund er det gitt ut 1 medlems"avis" i form av eit info-skriv som er sendt ut til alle medlemmene. Info-skrivet vart sendt ut saman med utsending av krav på medlemskontingenten.

Elektronisk info-avis kan vere eit godt og alternativ i framtida der medlemmene "abonnerer" på medlemsavisa ved å bli registrert på ei utsendingsliste pr e-post. Da slepp ein alle portokostnader og kan bruke innsparingane på meir formålstenlege tiltak .

Fortløypande formidling

Det som står presisert i arbeidsprogrammet, er gjennomført; Kalenderen er oppdatert så godt det lar seg gjere.

Vi har ein samarbeidsavtale med medieovervakingssfirmaet Magenta News som gir oss høve til å legge ut nettnyheiter frå landet rundt.

Dokumentasjonsbank

Det er utarbeidd statistikkskjema for å hente inn intern informasjon i organisasjonen. Dette er sendt ut, og ein har fått god respons som har gitt

eit godt grunnlagsmateriale for å lage ymse statistikkar og dokumentasjon av aktiviteten innan sjangeren.

Innhenting av ekstern informasjon er viktig å samordne med andre aktørar; NMR, Norsk kulturskoleråd, MFO og andre som hentar inn data, vi kan nytte den og/eller be dei hente inn info spesielt interessant for oss. Arbeidet må halde fram kontinuerleg for årleg statistikkføring

H.M.Dronning Sonja som LfS sin beskyttar

Etter samtaler med H.M. Dronninga under ein audiens på Slottet, foreslo LfS arrangement som kan vere aktuelle å besøke i beskyttarskapsperioden.

I år takka H.M. Dronninga ja til å invitasjonen til NM i folkemusikk på Geilo. Vi fekk melding kort tid før NM om at Dronninga dessverre måtte avlyse besøket pga ein operasjon.

Utvikling av sponsorprogram

Eit meir presist uttrykk for dette punktet er samarbeidsavtalar med næringslivet.

Dette arbeidet har dessverre ikkje kome i gang. Vi har hatt interne samtalar rundt temaet og vurdert vårt eige produkt, eller våre eigne produkt. For LfS som sentral organisasjon er utfordringa å kunne skaffe seg avtalar med såkalla sentrale næringslivsaktørar. For å kunne stå fram som ein potensiell samarbeidspartnar, må vi ha ein god "vare" å tilby som eit ledd i ein gjensidig avtale. Kva denne "varen" som mottying til ein samarbeidspartnar skal vere, er det ikkje utan vidare lett å sjå, og næringslivet gir ikkje milde gaver utan å få noko i gjennyting.

På grunn av finanskrisa har sponsormarknaden generelt tørka inn. Vi ser at større aktørar enn oss innan kultur og idrett har møtt eit næringsliv som er klart meir forsiktige og tilbakehaldne som økonomiske samarbeidspartnarar.

Delprogram 2

folkemusikkarena.no

Innhald / tiltak	Oppgåver	Framdriftsplan	Status
Landskappleiken og Landsfestivalen (NM i folkemusikk)	<ul style="list-style-type: none"> I lag med lokale arr. gjennomføre NM i folkemusikk 2009 Vedlikehald av arrangørhandboka Oppdatering av dataprogrammet for tevlingane Vere aktiv for å få skaffe søkarar i åra framover Vere ein støttespelar i søkarprosessen lokalt (klargjering av sponsormarknaden og -grunnlaget) Formidle at det lokale grunnlaget for arrangementet skal vere på plass i søkarfasen. Dette inkluderer at ansvar, arbeidsdeling og rettigheitar er på plass ved tildeling. Arbeide for breiare mediedekning av arrangement med særleg vekt på TV-dekning. Utgjeie fordelar/ulempar ved å slå saman Landskappleiken og Landsfestivalen til eit samanhengande arrangement/kappleikfestival. Evalueringa for neste års arrangement vil vere viktig i dette arbeidet. 	<p>Haust 2008 → Haust 2008 Rullerande evaluering og oppfølging for arr i 2009 –11.</p> <p>Haust 2008 Vinter 2009</p> <p>Haust 2008 →</p>	<p>Gjennomført Delvis gjennomført Gjennomført Delvis gjennomført Delvis gjennomført</p> <p>Gjennomført</p> <p>Ikkje gjennomført</p> <p>Gjennomført</p>
Grundig evaluering av Landskappleiken og Landsfestivalen (NM i folkemusikk)	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomgå alle sider ved arrangementet og gjere dei endringane som evalueringane krev <ul style="list-style-type: none"> Vurdere økonomiske forhold inkl. deltakaravgift og billettprisar grundig evaluering av arr. saman med arrangørane for 2010. 	<p>Haust 2008 →</p> <p>Evalueringsrapport skal leggjast fram på årsmøtet 09.</p>	<p>Gjennomført</p>
Intern kompetanseheving	<ul style="list-style-type: none"> Kurse eigne folk for å styrke arrangementskompetansen medietrening og marknadsføring 	<p>Våren 2009 Kurs hausten 2009</p>	<p>Ikkje gjort</p>
Regionale kompetansesenter for rytmisk musikk	<ul style="list-style-type: none"> I lag med andre rytmiske sjangrane og dei regionale aktørane arbeide for etableringa av regionale rytmiske kompetansesenter. Internt arbeid for utvikling og oppbygging. Organiserings- og samarbeidsmodellar. Følgje opp utfordringane i stortingsmeldinga "Samstemt" og statsbudsjettet. 	<p>Hausten 2008 Vinteren 2009</p>	<p>Gjennomførte</p>

Gjennomføring delprogram 2 folkemusikkarena.no

NM i folkemusikk

Dette året vart Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk slått saman til eitt felles arrangement, NM i folkemusikk.

Geilo spelemannslag og Ål spel- og dansarlag sto som lokale, tekniske arrangørar for NM som vart arrangert på Ål og Geilo 23.- 28. juni.

Samanslåinga av arrangementa hadde fleire samanfallande årsaker. Ål spel- og dansarlag hadde fått tildelt Landsfestivalen for 2009, mens berre Valdres folkemusikklag hadde meldt interesse for å arrangere Landskappleiken, men da lagt til eit seinare tidspunkt på sommaren.

Ål spel- og dansarlag og Geilo spelemannslag søkte så om å få arrangere Landskappleiken og Landsfestivalen slått saman til fellesarrangement. Styret i LfS gjekk for denne løysinga.

Eit NM i folkemusikk kravde endringar i tevlingsreglementet, og ein nytta dette høvet til å teste ut ulike løysingar med omsyn til klassar, repertoarval m.m. Å kome fram til eit tevlingsreglement tilpassa dette samanslåtte arrangementet, var eit omfattande arbeid som styret i lag med lokal arrangør brukte ein god del tid på.

Deltaking

Det var 459 startnummer som deltok på årets NM, 31 fleire enn på fjorårets Landskappleik, men 90 færre enn for toppåret for Landskappleiken i 2005. Til saman var det påmeldt 1777 enkelt deltakarar . 1316 unike deltakarar deltok.

Vinnarar

Dans hardingfele, sen	Ingunn Stræte Lie / Ulf-Arne Johannessen
Dans hardingfele, jr	Mari Moen m/følgje
Dans fele, sen	Veslemøy Nordset / Bjørn Sverre Hol Haugen
Dans fele, jr	Berit Aarøen / Ørjan Fjellkårstad
Lagdans, sen	Småjondølenes dansarlag
Lagdans, jr	Ål spel- og dansarlag
Lausdans, jr	Ola Narverud

Lausdans, sen.	Ulf-Arne Johannessen
Spel hardingfele, jr.	Tor Gjermundson Hoslemo
Spel hardingfele, sen.	Jan Beitohaugen Granli
Spel fele, jr	Sander Tingstad
Spel fele, sen	Øystein O Rudi
Gruppettel	Haugerud, Fingarsen og Evje
Vokal, sen	Ingebjørg H Bratland
Vokal, jr	Silje Risdal Liahagen
Andre eldre instr., sen	Bjørn Sverre Kristiansen
Andre eldre instr., jr.	Adrian Souyris Strumse
Fløyter, sen	Steinar Ofsdal
Langeleik, sen	Lise Lunde Brennhagen
Munnharpe, sen	Thov Gudbrand Wetterhus
Munnharp, jr	Kenneth Lien
Durspel / trekkspel, sen	Øyvind Sandum
Durspel / trekkspel, jr	Sjur Borge
Lagspel, sen	Lom spelmannslag
Lagspel, jr	Sør-Fron juniorspelmannslag
Open klasse	Nina & Audun

Kongepokalen vart i 2009 sett opp i klassen for dans til hardingfele, og den vart vunnen av Ingunn Stræte Lie og Ulf-Arne Johannessen.

Kulturarrangement / konsertar

Følgjande konsertar / arrangement vart gjennomført:

- St. Hans-fest i Ål folkepark.
- Plateslepp med Inn og Utpust
- Plateslepp med Aslak O Brimi og Erlend Viken
- Plateslepp med Hilde Kirkebøen
- Konsert med Øystein Sunde, Lillebjørn Nilsen og Steinar Ofsdal
- Folkemusikk gudsteneste i Ål kyrkje
- Dansekurs
- Sjokoladepappleik
- Grunnsteinnedlegging for Geilo kulturkyrkje
- Meisterkonserten

Økonomi

I skrivande stund er ikkje det økonomiske resultatet klart.

Spørjeundersøking

Under og etter arrangementet vart det gjennomført ei spørjeundersøking. Vi ønskte mange og gode tilbakemeldingar på kva folk meinte om prøvearrangementet. Innan 1. september hadde det kom inn 268 svar, og dette materialet utgjer eitt av fleire viktige grunnlag for korleis arrangementa skal utviklast og førast vidare.

Arbeid for breiare mediedekning av arrangementa

Dette punktet i arbeidsprogrammet har ein dessverre ikkje hatt tid til å gjere noko med. Ein er nok avhengig av å få på plass ein ekstra arbeidsressurs for å ha kapasitet til å gå på dette viktige arbeidet.

Utgreiing om Landskappleiken og Landsfestivalen

Det er sett ned ei eiga nemnd til å greie ut spørsmål omkring ei mogleg permanent samanslåing av Landskappleiken og Landsfestivalen. Desse er med i nemnda: Øyvind Kvile (leiar), Synnøve Bjørset og Erlend Viken. Nemnda har hatt fleire møte gjennom året og skulle etter planen ha lagt fram utgreiinga si innan 1. juni. Men fordi årets NM blei eit fellesarrangement, vart det aktuelt for nemnda å inkludere erfaringane med NM-arrangementet i sluttkonklusjonane. I skrivande stund er sluttrapporten derfor ikkje ferdig.

Mandatet til nemnda var slik :

Som utgangspunkt må nemnda gjere ei vurderring av kva det er som kjenneteiknar Landskappleiken og Landsfestivalen i dag – som to sjølvstendige arrangement. Ein må vurdere både styrkje og ulemper.

Med dette grunnlaget skal nemnda så vurdere både fordelar og ulemper ved å slå saman LK og LF til eitt arrangement – ut frå desse perspektiva:

- kor stor blir ekstrabelastinga på lokal arrangør.
- tekniske utfordringar i forhold til (antal) scener, øvingsrom, lys, lyd,
- meirkostnad i ressursbehov; arrangørstab og talet på frivillige
- utviding i tid og volum – eller tilpassing innafør eksisterande rammer ?
- behov for større overnattingskapasitet

- behov for nødvendig innhaldsmessige endringar og tilpassingar, og evt. kva
- økonomiske konsekvensar og evt. mogleg vinst
- Vil ei samanslåing kunne gi ein vinst for musikken og dansen, og i så fall kva ?
- Vil ei samanslåing kunne gi ein profileringsvinst ?

Evaluering av arrangementa

I skrivande stund har styret i LfS hatt ei førebels evaluering av årets arrangement. Ei meir grundig evaluering vil bli gjort når arrangørane har sendt inn sine rapportar.

Dømming av vokal folkemusikk

Etter NM i folkemusikk fekk vi ein debatt omkring dømming av vokal folkemusikk, og styret i LfS mottok eit konkret framlegg om å revidere dommarskjemaet som blir brukt.

Styret har vedtatt å invitere Norsk kvedarforum til i fellesskap å arrangere eit seminar omkring vokal folkemusikk og kappleiken som arena.

Ei evt revidering av dommarskjemaet skal vere eitt av dei elementa ein vil drøfte på seminaret.

Nettbasert kappleikprogram

I arbeidsåret er det utvikla eit nytt, nettbasert tevlingsprogram. Programmet er lagt opp fleksibelt slik at det skal passe for store og små arrangement, ulike påmeldingsalternativ m/betaling og ulike klasseinndelingar. Kvar arrangør legg sjølv inn dei klassane det er behov for.

Programmet vart brukt under NM i folkemusikk, og det har vore brukt på fleire andre, mindre kappleikar.

Det er avdekket behov for justeringar og tilpassingar som skal rettast opp til neste år.

Intern kompetanseheving

Dette arbeidet er det ikkje gjort noko med.

Kunnskapsoverføring

Arrangørhandboka for Landskappleiken og Landsfestivalen er gjenstand for kontinuerleg revidering. Dei må reviderast på nytt etter årets arrangement. Administrasjonen utarbeider nokre standard evalueringsskjema som arrangørane blir bedt om å bruke. Dermed får ein samanlikningsbare tal frå år til år.

Regionale kompetansesenter

Etableringa av regionale kompetansesenter for rytmisk musikk har vore eit aktuelt tema gjennom heile året etter at KKD for første gong sette av midlar på statsbudsjettet til slike senter i 2009. LfS ar vore aktiv i debatten omkring utforming og etablering av regionale senter.

I januar var vi i lag med samstemtorganisasjonane invitert til eit møte i departementet for å drøfte regionale senter. Vi overrakte departementet eit konkret, skriftleg innspel, bl.a. med fordeling av midlane for 2009.

Samstemt arrangerte ein eigen konferanse om rytmiske senter i Bergen 26.-27.mars.

Vidare har LfS hatt jamleg kommunikasjon med dei aktuelle aktørane på folkemusikkfeltet, både kvar for seg og gjennom ein eigen telefonkonferanse der alle folkemusikkaktørane deltok.

Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans

Landslaget for Spelemenn har gått inn som ein av stiftarane i Riksscena. I arbeidsprogrammet står det at LfS skal vere aktiv med og utvikle organisasjonsform, innhald og profil.

LfS har vore aktivt med på dei møta som har vore halde.

LfS vil følgje nøye med utviklinga til Riksscena framover –som pådrivar og aktiv medspelar - slik at etableringa blir den nye, flotte institusjonen som vi alle ønskjer at dette skal bli.

LfS/den nye organisasjonen får frå oktober av kontorplass vegg i vegg med Riksscenen og vil dermed også reint fysisk ha alle føresetnader for å følgje opp Riksscenen sitt arbeid og gå inn i samarbeidsprosjekt.

Delprogram 3

folkemusikklag.no

Innhald / tiltak	Oppgåver	Framdriftsplan	Status
Ny organisasjon	<p>Årsmøtet i LfS 2008 har som mål å etablere ein ny felles organisasjon for folkemusikk og –dans i Noreg. Den nye organisasjonen skal vere operativ frå 1. januar 2010.</p> <p>Arbeidsprosessen inkluderer:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Informasjon til medlemmene, open prosess • utarbeiding av modell, vedtekter, formål og struktur • førebu og legge fram sak til årsmøtet i LfS 2009 • samkjøre og/eller samordne aktuelle enkelttiltak • samkøyre informasjonen med NFD 	Oppfølging av igongsett arbeid hausten 2008. Ny organisasjon frå 01.01.2010	Gjennomført
Marknadsføre aktuelle støtteordningar	<ul style="list-style-type: none"> • Hjelpe til slik at medlemslaga får ut mest mogleg av aktuelle støtteordningar • Sende ut info til lag med oppfølging • Gjenta informasjon. NB; mykje informasjon er nødvendig! • Gi råd og rettleiing <p>Kontinuerleg info på nettsidene om ordningar og fristar</p>	Frå haust 2008. Kontinuerleg oppfølging	Gjennomført
Seminar for leiarar, musikalske leiarar og aktivitetsleiarar av ymse slag.	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføre eitt møte for fylkeslag/regionslag • Gjennomføre eitt møte for leiarar av lokallag i eit aktuelt distrikt • Kartlegge behovet for spesielle tiltak og følgje opp desse gjennom nye arbeidsplanar • Utarbeid mal for arbeidsavtale mellom musikalsk leiarar og laget – evt. for andre leiarar viss det er behov. • arrangere eit sponseseminar 	I samband med eit aktuelt arr. Hausten 2009 Vinteren 2009 Hausten 2009	Gjennomført Ikkje gjennomført Ikkje gjennomført
Utvikle medlemsprogrammet	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle det nettbaserte medlemsprogrammet til eit best mogleg verktøy for medlemsregistrering, uthenting av informasjon og data, korrespondanse og kommunikasjon 	Frå hausten 2008	Har jobba med, men er ikkje i mål
Fleire og gode medlemstilbod	<ul style="list-style-type: none"> • God informasjon om medlemstilbod gjennom medlemsbrev og nettsider • Gå aktivt ut og inngå avtaler som gir enda fleire medlemstilbod 	Frå og med hausten 2007 Kontinuerleg	Gjennomført Ikkje gjennomført
Mangfald	<ul style="list-style-type: none"> • LfS sentralt vil vere med og vidareføre innhaldet i Mangfaldsåret gjennom eigne arrangement og ved å stimulere laga i organisasjonen til det same. 	Gjennom året	Delvis gjennomført
Internasjonalt perspektiv	<ul style="list-style-type: none"> • Bevisstgjerer for å få fram at dette er ei viktig vinkling for både LfS sentralt og for lokallaga. • Søke samarbeid med andre aktuelle aktørar • Gjennomføre arrangement/ tiltak som ein del av oppfølginga av mangfaldsåret 08. 	Planlegge frå nyttår 2009	Delvis gjennomført

Gjennomføring av delprogram 3 folkemusikklag.no

Ny organisasjon

LfS og NFD har gjennom heile året arbeidd for å etablere ein ny, felles folkemusikkorgan som skal vere operativ frå og med 01.01.2010. Dette arbeidet har hatt høgst prioritet, og det har dermed tatt ein stor del av tid og ressursar for både styret og administrasjonen.

Arbeid / arbeidsprosess:

- Formell avtale om administrasjonssamarbeid i 2009
- 5 felles styremøte
- Eigen organisasjonskomite med utgreiingsarbeid
- Styringsgruppe for administrasjonssamarbeidet
- Juridisk betenkning
- Avtale med konsulentfirmaet *Agenda* om prosessbistand m o t mål og problemstillingar, utarbeiding av visjon og strategi for ein ny organisasjon, inkl
 - Gjennomført dagsseminar for administrasjonen
 - Gjennomført dagsseminar for styra og administrasjonen
- Høyringsbrev til laga i LfS med svarfrist 25. mars
- Høyringsrunde på framlegg til vedtekter og organisasjonskart med svarfrist 1. sept.
- Informasjonsmøte under NM i folkemusikk
- Regelmessig informasjon på nettsidene

Som konklusjon går styra i LfS og NFD inn for ei samanslutning av dei to eksisterande organisasjonane og ikkje etablering av ein heilt ny. Dette vil tydelegare markere dei historiske røtene til den nye organisasjonen. Det vil også synleggjere at vi vidarefører føremålet og dei arbeidsoppgåvene som NFD og LfS har hatt.

Styra legg opp til at samanslutninga skal skje gjennom årsmøtet til LfS, eit parallelt ekstraordinært årsmøtet til NFD med påfølgjande stiftingsmøte.

Særlaga vil bli inviterte til å bli med frå starten av.

Støtteordningar

▪ **Frifond 2009**

Landslaget for Spelemenn har fått tildelt Frifond-midlar for 2009. Midlane er lyste ut, og søknader har kome inn, men midlane er enda ikkje fordelt.

▪ **Frifond 2008**

Fordeling 2008:

Aspirantlaget i Seljord	4 000
Bø dansarring	8 000
Bø juniorspelemannslag	11 000
Eiker spelemannslag	5 000
Folkemusikklaget Bordun	5 000
Fuglfønix	8 000
Gaular spelemannslag	9 000
Geilo spelemannslag	10 000
Harpefoss spel- og dansarlag	6 000
Haugesund spelemannslag	12 000
Hornindal spelemannslag	20 000
Hyen spelemannslag	7 000
Indre Sunnfjord spelemannslag	20 000
Kongsberg spel- og dansarlag	8 000
Kvemmingen spel- og dansarlag	12 000
Kvinnherad folkemusikklag	9 000
Laget for Folkemusikk	10 000

Levanger spellmannslag	5 000
Målselv spelmanslag	10 000
Osterøy spel- og dansarlag	18 000
Ringebu spellmannslag	5 000
Ringerike folkemusikklag	9 000
Romsdal spelemanslag	6 000
Røros folkedanslag	12 000
Seljord juniorspelemanslag	8 000
Småjondølenes dansarlag	28 000
Spelemanslaget Purrete og soppesaft	7 000
Spelemanslaget Dâm og Drag	6 000
Spelemanslaget Fjelljom	14 000
Spelemanslaget Havella	7 000
Spellmannslaget i BUL Tromsø	6 000
Spelemanslaget Vårlengt	8 000
Søndre Trondhjems spellm.lag	11 000
Sør-Fron spel-og dansarlag	6 000
Tingelstadrinen	11 000
Vardkampen spelmanslag	5 000
Verdal juniorspellmannslag	26 000
Vågå spel- og dansarlag	8 000
Vårflaumen spel- og dansarlag	18 000
Øystre Slidre spel- og dansarlag	10 000
Ål spel- og dansarlag	26 500
Ålen spell- og danselag	6 000
Ålesund spelemanslag	7 500
	448 000



▪ **Musikkutstyrsordningen (MUO)**

Denne statlege tilskotsordninga er ny av året og erstatta den tidlegare Musikkverkstadordninga til jazz, rock og folkemusikk .
(sjå elles eige punkt under delprogram 7)

▪ **Info om støtteordningar**

Nettsidene har gjennom heile året lagt ut artiklar der ein har minna om støtteordningar og søknadsfristar.
På nettsidene blir det også alltid informert om tildelingane frå dei ulike ordningane.

▪ **Søknadskalender**

På folkemusikk.no ligg det ein eigen søknadskalender.

Seminar for leiarar

▪ **Møte med fylkes- og lokallaga**

Styret har hatt eitt møte med fylkeslaga. Dette vart halde i samband med det førre årsmøtet.

▪ **Samordning av folkemusikk- og folkedansaktivitet i Oslo**

Det er gjennomført regelmessige møte for LfS-lag i Oslo og omegn. Målsetjinga med møta har vore gjensidig informasjon og drøfting av aktuelle samarbeidstiltak.
LfS har delteke på nokre av desse møta, samt halde møterom og servering.

Medlemstilbod

Det er ikkje gjort noko ekstra dette året for å få til fleire medlemstilbod enn dei ein alt har. Vi har pr i dag ei rekkje gode og aktuelle medlemsfordelar. Alle medlemsfordelar er marknadsførte gjennom nettsidene. Det å skaffe medlemsfordelar er elles ein kontinuerleg prosess.

▪ **Forsikringsordninga**



Forsikringsavtalen med If Skadeforsikring omfattar verdisakforsikring (instrument/bunad eller berre bunad) og ulykkesforsikring.

Pr. 01.01 hadde forsikringsordninga med If Skadeforsikring: (2007 i parentes)

130 avtaler m/bunadforsikring	(303)
940 avtaler m/bunad- og instrumentforsikring	(1000)
= 1 070 forsikringsavtaler	(1303)

Forsikringsordninga gir oss nye medlemmer. Mange profesjonelle musikarar med mange og dyre instrument melder seg inn for å nyttiggjere seg avtalen. Avtalen med If Skadeforsikring gir LfS ein provisjon av salet som skal dekke administreringa av avtalen. For 2008 fekk LfS kr. 98 470 i administrasjonstilskot/ provisjon . Ved den årlege felles evalueringa partane seg i mellom sa også If... at dei er godt nøgd med ordninga og skadeomfanget i år.

Vi har avtale om medlemsfordelar gjennom rabattar med:

- Nordic Strings
- Timaios
- Folkemusikksenteret i Buskerud
- Etnisk musikkklubb
- **TONO-avtale.** Landslaget for spelemenn har ei avtale med Tono om framføring av tradisjonsmusikk. LfS betaler TONO-avgift for alle folkemusikkarrangement i regi av medlemslaga.
- **Rabatt på Landskappleiken og Landsfestivalen .**
- **Spelemannsbladet**
Medlemslag får 25% rabatt på annonsar. Medlemmer får rabatt på årsabonnement.

▪ **Stønad til rekruttering**

LfS delar kvart år ut pengar til rekrutteringsarbeid i lokallaga. Pengane kjem frå drifta av LfS

▪ **Vaksenopplæringsmidlar**

Landslaget for spelemenn er tilslutta Musikkens studieforbund. Alle medlemslaga i LfS kan dermed søkje om vaksenopplæringsmidlar der.

Ressursbank

Dette arbeidet har dessverre ikkje vorte prioritert.

Mangfaldsåret

LfS har ikkje sentralt gjennomført eigne, konkrete prosjekt som speglar Mangfaldsåret.

Forholdet til andre lands folkemusikk og folkemusikarar frå andre land som bur i Noreg, har vore diskutert i arbeidet fram mot ein ny organisasjon og kva for omfang og føremål denne organisasjonen skal ha. Skal ein ny organisasjon vere for norsk folkemusikk, eller skal han vere for folkemusikk i Noreg ?

Folkelarm gjenspeglar heile mangfaldet vi har i Noreg og Norden i dag gjennom showcasane og Folkelarmprisen.

Internasjonalt perspektiv

(sjå punktet over).

Elles handlar dette mykje om ein bevisstgjeringssprosess i heile organisasjon. Det handlar om å sette våre folkemusikktradisjonar i eit internasjonalt perspektiv, og det handlar om gode samarbeid med andre aktørar på feltet der dette er aktuelt og praktisk.

Det internasjonale perspektivet er viktig både for Folkemusikkscena og Folkelarm.

For organisasjonen er det viktig å etablere gode internasjonale kontaktar og nettverk.

Delprogram 4

folkemusikkartist.no

Innhald / tiltak	Oppgåver	Framdriftsplan	Status
Vidareutvikle Folkemusikkscena til eit profesjonelt nettverk og oppdragsgjevar for norske folkemusikkartistar	<ul style="list-style-type: none"> Etablere nettverket av 25 faste arrangørar. Kartleggje behov for skoloring av desse og gjennomføre aktuelle kurs Etablere gode, felles nettsider som ein integrert del av ny nettportal for folkemusikk. Lage gode, felles arr.malar som definerer rettigheitar, pliktar, kva arrangøren får, kva artistane får, krav om tilrettelegging, marknadmateriell vere ein pådrivar for at arrangørane kan sikre seg har tenleg og profesjonelt forsterkarutstyr gjennom dei off. støtteordningane. . Spisse produktet for på det viset å kunne styrke finansieringsgrunnlaget gjennom; a) offentlig finansiering b) gjennom sponsorar - Få opp 5 regionale turneruter i Sør-, Vest-, Aust-, Midt- og Nord-Noreg der dei 5 scener går saman om å velje seg ein turne alle presenterer. Dette for å sleppe geografiske problem i høve program, gjera turneane meir økonomiske og gjeva fleire artistar høve til ein turne. 	<p>Held fram hausten 2008</p> <p>Arr. kurs våren 2009</p> <p>Frå hausten 2008 →</p>	<p>Dette er det arbeida kontinuerleg med gjennom heile arbeidsåret.</p>
Vidareutvikling av Folkelarm	<ul style="list-style-type: none"> Grundig evaluering av gjennomført arrangement 2008 På grunnlag av evalueringa planlegge Folkelarm 2009 vurdere rammeverk, form og innhald gjennomføre showcases utvikle eit seminarprogram etter behov 	Neste arrangement sept/okt 2009	Gjennomført
Folkemusikkpris 2009	<ul style="list-style-type: none"> Evaluere prisutdeling 2008 og evt gjere endringar /justeringar Finansiering Søker sponsorar / samarbeidspartnarar 	<p>Haut 2008</p> <p>Prisuteling under Folkelarm 2009</p>	Gjennomført
Styrke støtteordningane	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide politisk for ytterlegare å styrke dei nye støtteordningane for artistar og arrangørar, slik som tilskottsordning for musikkarar, tilskottsordning for arrangørar, innkjøpsordninga for fonogram. Arbeide for fleksibilitet og smidigskap i ordningane slik at dei kan gi raske ad hoc-tilskott. 	Gjennom året 2009	Gjennomført
Opphavsrettar	<ul style="list-style-type: none"> TONO har sagt opp avtalen som går ut 31. des. Forhandle fram ein ny fellesavtale for LfS. Be om eit møte med TONO for å sette fokus på avrekningsmåtar innan folkemusikken. 	<p>Haut 2009</p> <p>Våren 2009</p>	<p>Gjennomført</p> <p>Ikkje gjennomført</p>
Norsk folkemusikkfond	<ul style="list-style-type: none"> Bruke Norsk folkemusikkfond aktivt for medfinansiering av artistars prosjekt 	Våren 2009	Gjennomført

Gjennomføring delprogram 4 folkemusikkartist.no

Den norske Folkemusikkscena 2009

▪ Arrangørar/nettverk

Nye scener: Farsund (Nordsjøfestivalen), Steinkjer (Hilmarfestivalen), Fredrikstad (St Croix huset), Utne (Hardanger folkemuseum) og Folkemusikksenteret i Buskerud er nye scener i nettverket. I tillegg har Rudigard sett i gang med heilårsarrangering og er med att.

Me har fått signal om interesse for å bli med i nettverket frå høgskulen på Nesna, Longyearbyen, Trondheim, Sandnes, Steinkjer og Suldal. Desse skal det jobbast med fram til årsskiftet.

Dette gjer til at me får såpass mange scener at ein kan byrje å tenkje regionalt, slik det står i arbeidsprogrammet. Det er hensiktsmessig å tenkje meir modulbasert i høve geografi. Me ser for oss regionale turnear der 5 scener får velje seg ein turne som dei tek i mot, og samarbeider altså mykje tettare enn før.

▪ Turnear DnF 2009

Våren:

Trio NOR (Knut Hamre, Arto Järvelä og Anders Bjernulf)

Måndag	23.03	- Røros
Tysdag	24.03	- Bø
Onsdag	25.03	- Rauland
Torsdag	26.03	- Oslo
Fredag	27.03	- Fagernes
Laurdag	28.03	- Bergen
Sundag	29.03	- Utne

Til saman 7 konsertar

Skaidi (Inga Juuso og Steinar Raknes)

Onsdag	22.04	- Karasjok
Fredag	24.04	- Bodø
Sundag	26.04	- Rauland
Måndag	27.04	- Bergen
Tysdag	28.04	- Voss
Onsdag	29.04	- Fagernes
Torsdag	30.04	- Oslo
Fredag	01.05	- Tromsø
Laurdag	02.05	- Målselv

Til saman 9 konsertar

Pål Olles Våg (Anders Bjernulf, Pers Hans Olsson, Lars Gunnar Bjørklund)

Måndag	08.06	- Bergen
Tysdag	09.06	- Osterøy
Onsdag	10.06	- Utne
Torsdag	11.06	- Haukeliseter

Til saman 4 konsertar

Hausten:

Gjermund Larsen trio (Gjermund Larsen, Andreas Utnem og Sondre Meisfjord)

Måndag	28.09	- Bergen
Tysdag	29.09	- Voss
Onsdag	30.09	- Farsund
Torsdag	01.10	- Bø
Fredag	02.10	- Steinkjer
Laurdag	03.10	- Abelvær

Til saman 6 konsertar

Rysstad/Morken/Storli

Fredag	09.10	- Vågå
Laurdag	10.10	- Fagernes
Sundag	11.10	- Utne

Måndag 12.10 - Bergen
Tysdag 13.10 - Rauland
Onsdag 14.09 - Kristiansand
Torsdag 15.10 - Oslo

Til saman 7 konsertar

Triakel

Torsdag 22.10 – Oslo
Fredag 23.10 – Fagernes
Laurdag 24.10 – Steinkjer
Sundag 25.10 – Farsund
Måndag 26.10 – Kristiansand
Tysdag 27.10 – Bergen
Onsdag 28.10 – Ål
Torsdag 29.10 – Målselv
Fredag 30.10 – Tromsø
Laurdag 31.10 – Trondheim

Til saman 10 konsertar

Aslak Brimi / Erlend Viken

Fredag 06.11 – Førde
Laurdag 07.11 – Aurland
Sundag 08.11 – Fagernes
Måndag 09.11 – Prestfoss
Tysdag 10.11 – Ål
Onsdag 11.11 – Rauland
Torsdag 12.11 – Hundorp
Fredag 13.11 – Vågå
Laurdag 14.11 – Sälen (S)

Til saman 9 konsertar

Totalt antal turnekonsertar 2009: 52

INTROfolk

LfS og NFD er gjennom ein ny avtale for året formelle samarbeidspartnarar med Rikskonsertane om INTROfolk.

I 2009 vart INTROfolk gjennomført for 3. gong. Semifinalane var lagt til Kalottspel, Jørn Hilme-stemnet og Førdefestivalen, mens sjølve finalen gjekk av stabelen på Nordsjøfestivalen i Farsund.

Vinnaren av årets INTROfolk vart Kim André Rysstad. Som vinnar får han eit skreddarsydd lanseringsprogram i regi av Rikskonsertane verdt rundt kr 500 000. Programmet vil mellom anna innehalde konsertar på lanseringsfestivalane i INTROfolk, turné i Norge, samt ulike profilerings- og promoteringstiltak.

Føremålet med INTRO-folk er å styrke norsk og samisk folkemusikk. Med *Årets unge folkemusikar* ønskjer ein å skape ein arena der folkemusikarar kan utvikle seg som kunstnarar og få erfaring i formidling av folkemusikk på høgt nivå.

Folk på MIR

Folkemusikkscena tok hausten 2008 initiativ til konsertserien "Folk på MIR" i Oslo. Etter at dei to aktørane i Oslo, OsloFOLK og Riksscenen, hadde slite på kvar sin kant av byen, inviterte Folkemusikkscena til eit møte med alle aktørane på kaféen MIR på Grünerløkka for å lage ein felles konsertserie. Dette vart såpass vellukka at me i fellesskap sette opp konsert kvar torsdag heile våren (19 konsertar) og fortset satsinga no i haust med konsert kvar torsdag fram til byrjinga av desember. Dette er eit ledd i publikumsbygging og miljøskapning fram mot opninga av Riksscenen sine nye lokale som opnar til våren der samarbeidet fortset.

Folkelarm

Folkelarm vart gjennomført 17. – 20. september på Soria Moria på dei ulike scenen der oppe; Cosmopolite, Belleville, Grekeren og Klubbscena. Vidare var det lagt konsertar til NRKs Store Studio, Emanuel Vigeland Mausoleum, Ny Musikk, samt Kunstindustrimuséet. Årets arrangement var det 5. i rekka.

Styret har utarbeidd tre overordna styringsdokument; 1) visjon og mål for Folkelarm, 2) regelverk for showcasane inkl juryarbeidet 3) reglement for Folkelarmprisen inkl juryarbeidet.

Eit hovudføremål med FOLKELARM er å marknadsføre folkemusikkartistar for den norske og utanlandske folke- og worldmusikk-bransjen, men samtidig er Folkelarm også eit ope arrangement for eit allment publikum. Artistar presenterer seg best i omgivnader med eit stort og entusiastisk publikum. Folkelarm er ein arena også for artistar med samisk og ikkje-norsk bakgrunn. Folkelarm er eit breitt bransjetreff med møteplassar, seminar og kurs som viktige ingrediensar.



Foto Silje Førland Erdal

Internasjonale delegatar.

40 delegatar frå 20 ulike land var samla i Oslo i samband med Folkelarm 2009. Det gjer arrangementet til det største internasjonale bransjetreffet i Norden innanfor sjangeren folkemusikk og verdsmusikk. Folkelarm og Norsk folkemusikkformidling jobbar side om side for å styrkje kontakten mellom aktørar på folkemusikkfeltet i Noreg og den internasjonale musikkbransjen. Stiftelsen

MIC Norsk musikkinformasjon arbeider også med publisering, informasjon og promotering av norsk musikk. I samband med Folkelarm inviterte dei internasjonale delegatar på guida trikketur, byvandring på Sagene/Torshov og lunsj på Sagene lunsjbar. Turen inkluderte fem musikalske innslag, alle av musikarar som er plukka ut til å spele på Showcase Scotland i Glasgow i januar. Synnøve Bjørset starta ballet med solospel på ein veterantrikk som tok delegatane gjennom Oslo til bydel Sagene/Torhov. Der venta Valkyrien Allstars med tonar i eit gammalt portrom, før turen gjekk vidare til Fabrikktorget og Hønselouisas hus med spel av Majorstuen. I samband med lunsjen spela både Gjermund Larsen trio og Unni Boksasp.

Slike møte er svært viktige for å styrke nettverket med relevante kontakatar. Fleire av artistane som spela på delegatturen denne dagen, fekk tilbod om spelejobbar internasjonalt.

CD og Folkelarmavis

I samarbeid med NORCD produserte Folkelarm ein eigen promotion-CD med alle showcaseartistane. Vidare var det produsert og distribuert ei svært fyldig Folkelarm-avis med brei omtale av artistane samt fleire artiklar med folkemusikk og –dans sett frå ulike innfallsvinklar.

▪ Innhald

Folkelarm har ein klar nordisk profil gjennom utvalet av nordiske showcaseartistar. Svenske, danske og finske artistar var godt representert i showcaseprogrammet.

Talet på artistar var i år heilt bevisst redusert i forhold til åra før. Dette gir kvart artist ein nødvendig større plass for å presentere seg, og delegatane får tid og moglegheit til å få med seg alle artistane.

Folkelarm starta med 2 konsertar i NRK Store Studio med Kringkastingsorkesteret og Kvarts. (Samarbeidsprosjekt med Den norske Folkemusikkveka).

A) Showcaseartistar

Etter påmelding og utveljing vart desse artistane med:

Dozo
 Frikar
 Elisabeth Vatn / Piper on the Roof Ensemble
 Den Store Norske Gitarkvartett
 Marie Forr Klåpbakken trio
 Frigg
 Gro Marie Svidal
 Seven
 Ainslie and Henderson
 Unni Løvlid / Rite
 Rysstad / Storli / Morken
 Henrik Jansberg - Jansberg Band
 Aslak O. Brimi og Erlend Viken
 Afenginn
 Torgeir Vassvik
 Valkyrien
 Synnøve S.Bjørset
 Becaye Aw

Tiar
Ranarim
Kouame Gerard Sereba
Ragnhild Furebotten og Tore Bruvoll med Hekla Stålstrenga
Karoliina Kantelinen
Hedningarna

Eiga soloscene:

Marie Forr Klåpbakken
Jan Beitohaugen Granli
Anders E. Røine
Øystein Rudi Ovrum
Gro Marie Svidal
Kim André Rysstad
Ingebjørg H. Bratland
Synnøve S. Bjørset
Becaye Aw
Aslak O. Brimi og Erlend Viken

B) Andre konsertar:

Kulturnatt Oslo: Folkelarm i Kunstindustrimuseet
Søndagsmatiné med Folkelarm, Ny musikk og Ultima i Platous gate
Unni Løvlid i Vigelandsmausoleet

C) Seminar / konferansar

Det vart arrangert fleire seminar, kurs og møte på Folkelarm:

- Glocal Folks in Practice (arr: Riksscenen)
- Folkelarm opening reception / Frikar dance company (arr: Folkelarm)
- FolkeLarm Expo (stands – utstillingar)
- Marknadsføring /frivilligrekruttering /kompetanseutvikling (arr: Førdefestivalen)
- Yrkesutøvarar i ein ny organisasjon (arr: NFD)
- Media og marknadsføring (arr: GramArt)
- Showcase Scotland reception

Samarbeidspartnarar

Økonomisk støtte: Norsk kulturråd, Utenriksdepartementet, Fond for utøvende kunstnere, Rådet for folkemusikk og dans, Musikernes Felles Organisasjon,

Norske samarbeidspartnarar

Norsk folkemusikkformidling, Førdefestivalen, Rikskonsertane, MIC
Norsk musikkinformasjon, Music Export Norway, Riksscenen, Samspill Int.,
Music Network, Sápmi Music, NORCD, Nasjonalmuseet

Internasjonale samarbeidspartnere

Riksföreningen för Folkmusik och Dans (SE), Sveriges Spelmäns
Riksförbund (SE), Folkemusikkens Fælles Sekretariat (DK), Suomen
Kansanmusikkiliitto (Fi), Nordic Council of Traditional Music and Dance.

Økonomi

I skrivande stund har vi ikkje oversikt over økonomien i arrangementet.

Vinnarane av Folkelarmprisen 2009

For femte gong vart Folkelarmprisen (Norwegian Folk Music Awards) delt ut i ved ei festforestilling under Folkelarm.

Prisvinnarane:

Årets folkemusikar

Kouame Gerard Sereba



Kouame Gerard Sereba - årets folkemusikar 2009.

Foto | Eivind Kaasin

Årets soloalbum

Daniel Sandén-Warg/Sigurd Brokke "Rammeslag II" (Etnisk Musikkklubb)

Gruppe

Eli Storbekken "Maros" (Heilo)

Dokumentasjon

Lásse Ovíllá - Ole Larsen Gaino "Ludiin muitalan" (DAT)

Gamaldans / tradisjonalist:

Aslak O. Brimi og Erlend Viken "Duo" (ta:lik)

Crossover:

Becaye Aw "Sibi" (Etnisk Musikkklubb)

Årets produsent

Johan Sara Jr.



Jury:

Guttorm Andreassen,
Mats Johansson,
Marit Westling,
Carl Petter Opsahl,
Øyonn Groven Myhren

Styrking av innkjøpsordninga for fonogram

Dette har vore eit sentralt punkt i Samstemt sitt framlegg til ei kraftig styrking av heile sektoren, og Samstemt har vektlagt dette punktet sterkt i framlegget til statsbudsjett for 2010.

Opphavsrettar

Det er forhandla fram ny avtale med TONO. Det var TONO som sa opp og ville reforhandle den førre avtalen. På vegne av alle medlemsorganisasjonane, Norges Musikkorps Forbund og Norges Korforbund har Norsk Musikkråd gjennom eit eige utval forhandla fram ei rammeavtale gjeldande for alle. Avtala som vart forhandla fram, føresette at alle medlemsorganisasjonane godtok den.

Det tok forhandlingsutvalet over eit halvt år med aktive forhandlingar få kome fram til ei løysing dei mente var god for alle. Målet var å få til ein felles avtale som skulle gjelde for heile feltet for å unngå forskjellsbehandling og for å lage ein enkel, oversiktleig TONO-avtale. Utfordringa var å finne fram til ein rimeleg avtale som skulle dekke både alle dei mange konsertane utan billettinntekter, og dei få «store konsertane» med høge billettinntekter. Utvalet seier seg svært godt nøgd med den nye avtalen.



Avtala vart dobbel så dyr som den førre avtalen, og for 2009 betalar LfS ei avgift på kr. 92 000. Avtalen gjeld berre konsertar med brutto billettsal på opp til kr 50 000 pr konsert, evt maks 500 publikummarar dersom det ikkje blir kravd billett. For dei arrangement som ikkje er omfatta av avtala, skal det betalast eit vederlag med 3 % av brutto billettinntekter, minimum kr 2 pr besøkande.

Dei fleste konsertane har få eller ingen billettinntekter som det berre skal betalast standard minstesats for. Nokre få konsertar har høge billettinntekter, og for desse skal det nå betalast ein liten del av billettinntektene til TONO. Dette skal gjerast både av rettferdigheitomsyn (konsertar der det kjem mange besøkande som betaler, skal gje meir pengar til den musikken som blir spelt på desse konsertane), og for å halde prisen nede på mylderet av vanlege konsertar i det frivillige musikklivet.

Delprogram 5

folkemusikkung.no

Innhald / tiltak	Oppgåver	Framdriftsplan	Status
Sjokoladekapleik	<ul style="list-style-type: none"> Følgje opp det arbeidet som er gjort Marknadsføre det utarbeidde konseptet til nye lag og arrangørar Marknadsføring mot medium og eksterne målgrupper Sponsorfinansiering 	Frå og med vinteren 2008 →	Etablerte arrangement går av seg sjølv, men elles er ikkje punkta jobba godt nok med.
Vidareutvikle dei store arrangementa	<ul style="list-style-type: none"> Oppmode til at det blir tatt stort omsyn til barn og unges ønskje og behov Foreslå tiltak gjennom arrangørhandboka <ul style="list-style-type: none"> - lage opplevingstilbod for dei minst - lage arenaer der dei minste får eksponert seg sjølve - ta omsyn til barn når ein tilrettelegg for dans - utvikle tevlingsreglement i tråd med dei unges føresetnader og sørge for at - tevlingane blir positive opplevingar 	Frå og med nyttår 2009 →	Delvis gjennomført
Koordinere dei største sommarkursa	<ul style="list-style-type: none"> Invitere representantar til møte og arbeidsseminar Satse på å etablere samarbeidsmodellar slik at kursa utfyller kvarandre og ikkje konkurrerer med kvarandre. Drøfte modellar for felles marknadsføring. Legge ut på nett 	Innkalle til møte vinteren 2009.	Ikkje gjennomført.
Utvikling ungdommens nettside	<ul style="list-style-type: none"> Vidareutvikle sida <i>folkemusikk.ung</i> på den nye nettportalen Bruke SMS aktivt for å formidle nyheiter og info om kurs og tilbod. 	Vinteren 2009 Kontinuerleg	Delvis gjennomført
Internasjonale arrangement	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide for å få god norsk deltaking på Nordic Folk Camp, Rättvik 2009 Arbeide for å få god norsk deltaking på Ethno 2009, Falun Spreie info til målgruppa om andre aktuelle internasjonale arr Hjelpe til med finansiering for internasjonal deltaking 	Fram mot sommaren 2009	Delvis gjennomført
Ekstra stimuleringstiltak	<ul style="list-style-type: none"> Delta aktivt gjennom tildeling av Øivind Berghs Minnepris Aktivt bruke unge utøvarar i eigne arrangement Støtte arbeidet til <i>Bygda dansar</i> og vere med på å skape tilbod til avsluttande prosjekt. 	Sommaren 2009 Ved aktuelle høve	Gjennomført Ikkje gjennomført Gjennomført
Statlige støtteordningar	<ul style="list-style-type: none"> Jobbe politisk for at Frifond og Musikkutstøtninga (som erstattar MVO), skal bli gode ordningar for barne- og ungdomsarbeidet. jobbe for ei god tilpassing mellom ordningane fordele Frifond-midlar i tråd med gjeldande retningslinjer. 	Heile året Sommaren 2009	Gjennomført

Gjennomføring av delprogram 5 folkemusikkung.no

Sjokoladekapleik

Sjokoladekapleik har vorte eit standardomgrep for alle kappleikar som blir arrangert for barn. Prosjektet går no av seg sjølv .

Det var i 2005 at LfS fekk utarbeidd ei omfattande *kokebok* for å arrangere Sjokoladekapleik. Smørbrødlista ligg ute på folkemusikk.no under *verktøykasse*.

Dessverre har vi ikkje klart å prioritere å følgje opp det som står i arbeidsprogrammet om marknadsføring, sponsorfinansiering og koordinering.

Tilrettelegging av arrangementa for barn og unge

NM i folkemusikk på Geilo hadde eigen sjokoladekapleik for barn. Arrangørhandboka for LK og LF skal under revidering presisere at det er viktig å leggje til rette for barn under arrangementa.

Tevlingsreglement ut frå dei unges ståstad

Det er spesielt viktig å tilretteleggje kappleikane slik at deltakinga blir positive opplevingar, og at den rettleiinga ein gir gjennom dømming og kommentarar, blir inspirerende for vidare øving og deltaking. På NM i folkemusikk vart 1/3 av juniorane i kvar klasse rangert, mens dei resterande vart sett opp i urangert, alfabetisk rekkefølge på resultatlista. Denne regelen gav svært mange reaksjonar og kommentarar.

Etter NM i folkemusikk har styret evaluert tevlingsreglementet for vidare oppfølging og utvikling. Omsynet til C-klassingane blir sterkt vektlagt i debatten omkring systemet med poengsummar, rangering og munnlege kommentarar. Det er viktig å finne fram til det pedagogisk mest positive reglementet for dei yngste.

Koordinering av dei største sommarkursa

Punktet er ikkje følgt opp i år. Det er også eit spørsmål i kor stor grad ei betre koordinering er viktig og nødvendig. Det er enda meir viktig å jobbe for betre og meir stabile finansieringsordningar samt å delta i utviklinga pedagogiske (nye) modellar for å tilfredsstille dei spesielle krava som ymse tilskottsordningar vektlegg.

Ungdommens nettside

Nettsida folkemusikk.ung er gjort om på den nye felles nettportalen folkemusikk.no. Informasjonsbehova er ivaretatt på andre undersider i portalen gjennom opplysingar om kurs, fristar , sjokoladekapleik etc. .

Internasjonale arrangement

Det var planlagt eit Nordic Folk Camp lagt til Rättvik i regi av Sveriges Spelmäns Riksförbund.

Dette er eit barne- og ungdomstilbod som blir arrangert på omgang mellom medlemsorganisasjonane i Nordisk Folkemusikkomité. Ungdomssamlinga har vorte utsett til det kommande år. LfS har aktivt støtta desse samlingane og vil gjera det i åra framover.

Øivind Berghs Minnepris

LfS har inngått ein samarbeidsavtale om denne prisen. I avtalen heiter det m.a. at LfS er med på å *bestemme kven som får prisen, bidrar med 1/5 av pris-summen (i 2009 kr. 5 000) samt deler ut prisen.*

Prisen skal gå til unge, lovande felespelarar – helst med røter innan folkemusikken.

Prisen for 2009 er enda ikkje delt ut. Det gjerast no eit arbeid for å endre sjølve prisutdelinga for å gjera ho enda betre.

Delprogram 6

folkemusikkurs.no

Innhald / tiltak	Oppgåver	Framdriftsplan	Status
Tradisjonsseminar	<ul style="list-style-type: none"> • Planleggje • Samarbeide med arkiv og institusjonar og trekke vekslar på den kunnskapen som dei sit inne med. • Planleggje innhald , invitere, gjennomføre • Samarbeid med fylkes-/lokallag for gjennomføring av tradisjonskurs <p>Målgrupper: Erfarne og nye domarar, utøvarar, mediefolk, lagsfolk, studentar.</p>	<p>Planleggingsarbeid sommaren og hausten 2008 for gjennomføring januar 2009.</p> <p>Eitt kurs i S og Fj 2009 Eitt kurs på Kongsberg 2009 Eitt kurs i Hedmark 2009</p>	<p>Gjennomført Utsett Ikkje kome i gang</p>
Forsknings- og utdanningsprosjekt for folkemusikk og våre ulike medlems- og brukargrupper	<ul style="list-style-type: none"> • Vere merksame på prosjekt / kurs / seminar som andre aktørar tar opp som har interesse for vår sektor og våre medlemmer. • Vere aktive medspelarar og deltakarar på kurs/prosjekt • Informere breitt om slike til medlemsmassen. • Formidle informasjon om aktuell og ny litteratur på feltet • Påverke andre institusjonar og organisasjonar om å ta ansvar for og gjennomføre tiltak som er viktige for oss, men som vi ikkje har nok eigenkompetanse eller ressursar til å gjennomføre. • Jobbe for å kome inn som ein medspelar til førskolelærer- og lærarutdanninga. 	<p>Gjennom heile året</p>	<p>Følgd opp til ein viss grad.</p>
Utvikle nettsida	<ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikling nettsida med fokus på tradisjon, kunnskap og læring på området • Utvikle nettsida med fokus på opplæring og bruk av arkiv og det materialet som finst der. I samarbeid med arkiv. 	<p>Frå våren 2009</p>	<p>Følgd opp.</p>

Gjennomføring delprogram 6 folkemusikkurs.no

Tradisjonsseminar

Det vart gjennomført eit tradisjonsseminar i Førde i februar. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom Sogn og Fjordane Folkemusikklag, Hordaland Folkemusikklag og Landslaget for Spelemenn med førstnemnde som teknisk arrangør.

Seminaret gjaldt spel og dans. Det var også tenkt å inkludere kveding i seminaret, men dette vart avlyst pga manglande påmelding.

Innleiarar:

Jan H. Lislien, Jan Petter Blom, Synnøve Bjørset, Sigmund Eikås, Olav Tveitane, Magnar Sundt,

Det var også planlagt eit dommarseminar i regi av Kongsberg spel- og dansarlag lagt til Markenskapleiken. LfS sentralt ville samarbeide om dette tiltaket.

Kurset vart utsett til neste år.

Kurset i Hedmark har ikkje kome i gang.

Forskings- og utdanningsprosjekt

Dette er eit punkt der LfS skal vere meir ein aktiv pådrivar og medspelar enn å sjølv vere den som skal gjennomføre tiltaka.

Oppgåvene blir knytt til det å vere ein motivator og informant om kva som skjer på feltet.

Utvikle nettsida

- på området folkemusikk med fokus på tradisjon og læring

Dette punktet heng nøye saman med punktet over. Ein skal legge ut info om tilbod og ymse prosjekt og sette fokus på aktuelle debattar, informere om utgjevingar på området og sørge for å spreie meiningsbrytingar og fagkunnskap.

Feltet er også inkludert i arbeidet med den nye nettportalen. Både arkiva og utdanningsinstitusjonane har eigne sider på nettportalen med linkar også direkte til deira eigne sider.

Kontinuerleg oppfølging.

Delprogram 7

folkemusikkaksjon.no

Innhald / tiltak	Oppgåver	Status								
<p>Dette er fellesnemnaren for alle dei overordna oppgåvene og det kulturpolitiske arbeidet som skal gjerast for å styrke heile sektoren.</p> <p>Programmet skal gjenspegle ein kontinuerleg, offensiv aksjon for å realisere ambisjonane og måla for heile organisasjonen og for sjangeren elles.</p> <p>Landslaget for Spelemenn skal arbeid for desse måla alleine og i samarbeid med andre organisasjonar.</p>	<p>Oppgåvene er spesifisert i delprogram 1 – 6.</p> <p>Parallelt med alle dei konkrete tiltaka skal Landslaget for Spelemenn drive aktiv lobbyverksemd overfor</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ offentlege styresmakter (ulike departement) ▪ sentrale politiske organ (regjering og storting) ▪ sentrale tilskottsordningar ▪ moglege sponsorar og alternative inntektskjelder <p>for å styrke det økonomiske grunnlaget for å kunne realisere formålet og konkrete handlingar.</p> <p>LfS skal, aleine og med samarbeidspartnarar , arbeide for å betre og sikre rettighetene til artistar, opphavsrettshavarar og arrangørar. LfS skal arbeide for å sette folkemusikken i Noreg i eit internasjonalt perspektiv og bidra til at norske utøvarar kan delta på internasjonale arenaer.</p> <p>Samarbeidsforum:</p> <table border="0"> <tr> <td><i>Samstemt</i></td> <td><i>Forum for folkemusikk og dans</i></td> </tr> <tr> <td><i>Norske Festivalar</i></td> <td><i>Norsk Musikkråd</i></td> </tr> <tr> <td><i>Nordisk folkemusikkomité</i></td> <td><i>Frivillighet Noreg</i></td> </tr> <tr> <td><i>Musikkens Studieforbund</i></td> <td><i>Rådet for folkemusikk og folkedans</i></td> </tr> </table> <p>Konkrete arbeidsoppgåver 2009:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ handlingsplan Samstemt 2010 ▪ eige arbeidsprogram for 2009 og lobbe dette mot alle aktuelle politiske aktørar ▪ Støtte kravet om 1% av statsbudsjettet til kulturformål ▪ arbeide for innfriing av løfta i Stortingsmelding 21 (2007-2008) Samspill. ▪ arbeide for at dei nye tilskottsordningane får mest mogleg funksjonelle retningsliner og at folkemusikken og –dansen får god utteljing ▪ følgje opp UNESCOs konvensjon om immateriell kulturarv 	<i>Samstemt</i>	<i>Forum for folkemusikk og dans</i>	<i>Norske Festivalar</i>	<i>Norsk Musikkråd</i>	<i>Nordisk folkemusikkomité</i>	<i>Frivillighet Noreg</i>	<i>Musikkens Studieforbund</i>	<i>Rådet for folkemusikk og folkedans</i>	<p>Sjå neste side.</p>
<i>Samstemt</i>	<i>Forum for folkemusikk og dans</i>									
<i>Norske Festivalar</i>	<i>Norsk Musikkråd</i>									
<i>Nordisk folkemusikkomité</i>	<i>Frivillighet Noreg</i>									
<i>Musikkens Studieforbund</i>	<i>Rådet for folkemusikk og folkedans</i>									

Oppfølging av delprogram 7 folkemusikkaksjon.no

Kulturløftet II

KKD inviterte eit samla kulturliv til å kome med innspel til eit Kulturløftet II, bl.a gjennom ein eigen konferanse 18/6. Styreleiar, dagleg leiar og prosjektleiar for Folkelarm deltok på konferansen.

I ettertid sendte vi eit felles innspel til Kulturløftet II i lag med NFD, Rådet for folkemusikk og folkedans, Noregs Ungdomslag og Riksscenen.

Innspelet peika på:

- behov for eit generelt løft for folkemusikken og –dansen.
- tradisjonsdansen treng eit stort løft
- nødvendige tiltak innan formidling / utøving
- eksporttiltak
- samarbeid mellom aktørane for den norske folkemusikken og –dansen og innvandrarane sine tradisjonar
- behov og tiltak innan instrumentkamararbeid

Samstemt



Som nemnd fleire andre plassar i årsmeldinga har LfS samarbeidd med jazz- og rockorganisasjonane i Samstemt. Dette samarbeidet har gitt gode resultat. Samstemt har vore med og arbeidd for tiltak som er viktige for alle sjangrane – og lobba for ei styrking av dei virkemidlane som kan vere med og gi sjangrane – inklusive folkemusikken eit stort løft.

Det siste året har Samstemt arbeidd spesielt med ei oppdatering av eit fellesdokument som innspel til statsbudsjettet for 2010, etablering av regionale kompetansesenter for rytmisk musikk, samt eksport, distribusjon og musikkformidling i utlandet.

Instrumentmakararbeid

Rådet for folkemusikk og folkedans har fått utarbeidd ein situasjonsrapport om dei norske instrumentbyggertradisjonane med forslag til nødvendige tiltak for å halde oppe og vidareutvikle handverket.

Rapporten vart sendt ut på høyring. LfS sendte tilbake eit positivt høyringssvar i lag med NFD der vi viste sterk vilje til å vere ein aktiv medspelar for å realisere nødvendige tiltak.

Nye tilskottsordningar

Gjennom stortingsmelding 21 (2007-08) Samspill annonserte KKD ei endring av tilskottsordningane. LfS har saman med dei andre rytmiske aktørane vore med og påverka utforminga av dei nye ordningane. Vi har også foreslått kandidatar til å sitte i utval.

Musikkutstysordninga (MUO) vart etablert i 2009 og erstatta Musikkverkstadordninga (MVO). MUO vart etablert som ein *medlemsorganisasjon* som representerer brukarane. LfS er ein av medlemmane.

Musikkutstysordninga skal administrere offentlege tilskott til utstyr for spelestader, klubbar, arrangørar, øvingsfelleskap og øvings- og framføringslokale innafor det rytmiske musikkfeltet.

Gjennom føringar gitt av KKD er kurs o l tatt ut av ordninga, mens kursmidlar var ein viktig del av forgjengaren MVO.

LfS har i lag med dei andre organisasjonane på feltet arbeidd for å få ei ny, permanent tilskottsordning forvalta av Norsk Musikkråd som skal ivareta behova for kursstøtte.

Nils Øyvind Bergset
styreleiar

Solbjørg Tveiten
nestleiar

Mari Eggen
styremedlem

Jon Ellingsen
styremedlem

Knut Erik Godtland
styremedlem

Magnar Sundt
dagleg leiar



Landslaget for Spelemenn

Postboks 4613 Sofienberg
0506 Oslo

Besøksadresse: Trondheimsv. 2

Tlf: 22 00 56 20 / 22
Fax 22 00 56 21

Epost: ifs@folkemusikk.no
www.folkemusikk.no